



MØTEBOK

Rådsmøte i Hardangerrådet iks

Dato: Torsdag 23.06.2022

Klokka 10.00 – 15.00

Stad: Kommunestyresalen, Eidfjord

Til stades:

Eidfjord kommune:

Ordfører Anders Vatle

Kvam herad:

Ordfører Torgeir Næss

Ullensvang kommune:

Ordfører Roald Aga Haug -rådsordfører

Ulvik herad:

Ordfører Hans Petter Thorbjørnsen

Administrasjonen:

Dagleg leiar Jostein Eitrheim og konsulent Trude L. Rinaldo

Forfall:

Rådmannsforum:

Ole-Jørgen Jondahl - leiar

Agenda:

10.00 - 11.30	Sakshandsaming
11.30 - 12.30	Lunsj
12.30 - 13.30	Orienteringar
13.30 - 15.00	Sakshandsaming

Møtet starta med ei orientering ved direktør i Hardanger og Voss museum Åsmund Kristiansen vedr. sak HR-sak 19/22 Uttale vedr. Hardanger og Voss Museum. Gjeld stønad til utvikling av HVM som samfunnsinstitusjon v/ styrka fokus og ressursar på Frukt og sider som satsingsområdet, forskning og frivilligheit.

Innkalling og sakliste vart godkjent.

Saker til handsaming i Regionrådet:

Alle vedtak er samrøystes om ikkje anna er nemnt.

Orienteringar:

Nasjonalt Frukt og Sidersenter

v/prosjektleder Tom Rasmussen og
Gunnhild Jaastad, NIBIO

Rekrutteringsprosjekt i Ullensvang kommune

v/ Christel Johansen Kvamme,
Næringsshagen i Ullensvang

Saker til handsaming:

HR-sak 18/22 Meldingar

Vedtak:

Meldinga vert teken til vitande.

HR-sak 19/22 Uttale vedr. Hardanger og Voss Museum

Vedtak:

Hardangerrådet vedtek slik uttale til støtte for auka statleg driftstilskot til HVM:

Kultur- og likestillingsdepartementet
Postboks 8030 Dep
0030 Oslo
postmottak@kud.dep.no

Trong for auka statleg driftstilskot til Hardanger og Voss museum.

Hardangerrådet støtter Hardanger og Voss museum sin søknad om auka statleg driftstilskot til museet for 2023 og i åra framover.

HVM er ein svært viktig kulturinstitusjon i Hardanger og Voss. Museet har bygd opp stor kompetanse for formidling og kvalitetsutstillingar innanfor

- Tradisjonelle folkemuseum
- Kunst
- Kystkultur
- Fartøyvern
- Bygningsvern
- Immatriell kulturarv

Museet arbeider no med styrking av tilbodet innan:

- Kunnskapsproduksjon
- Styrka samhandling med frivillig sektor
- Moderne landbruk med vekt på frukt dyrking. Her planleggjer museet i 2023 ei satsing på eigen forskningskoordinator og frivillighetskoordinator

For å kunne vidareutvikla museet er det avgjerande med ein føreseieleg økonomi. I motsett fall må HVM gradvis trappa ned aktiviteten på fleire av sine avdelingar. Redusert driftstilskot vil på sikt ha negative konsekvenser for heile museumsdrifta og derigjennom gje brukarane eit dårlegare tilbod.

Hardangerrådet vil gje si sterkaste støtte til den betydning HVM har for det regionale kulturarbeidet og ber om at det statlege driftstilskotet vert auka i samsvar med søknad for museet.

Kinsarvik, 23. juni 2022

Med helsing
Hardangerrådet

Roald Aga Haug
rådsordførar

Jostein Eitrheim
dagleg leiar

HR-sak 20/22 Støtteuttale frå Hardangerrådet vedr. bekymring og krav om stopp i brislingfisket i indre deler av Hardangerfjorden.

Vedtak:

Saka vert utsett. Det skal innhenta underlagsinformasjon frå Havforskningsinstituttet og Fiskeridirektoratet vedr. "rett" fredningsperiode. Saka vert lagt fram på nytt i komande Hardangerrådsmøte 8.09.2022.

HR-sak 21/22 Støtteuttale vedr. søknad om "Royal orden" for Goodwillambassadør til Hardanger, Rio Yamase

Vedtak:

Hardangerrådet vedtek slik uttale:

Tilråding

Hardangerrådet støttar søknad om tildeling av "The Order of Merit" til Rio Yamase med følgjande grunngjeving:

Rio Yamase har sidan 2003 hatt Hardingfele som sitt hovudinstrument og vore ein viktig ambassadør for Hardanger og for å formidla den folkemusikktradisjonen som Hardingfela representerar. Frå 2003 starta ho med å ta i bruk Hardanger fiolinen under sine opptredener. Ho vart tidleg introdusert som "Japansk pioner på hardingfele" i media, m.a. på NHK sitt program Good Morning from Studio Park og Ittorokken og i kulturseksjonen i store aviser som Asahi Shimbun, Nikkei Shimbun og FujiSankei Business.

Rio Yamase har vore den mest sentrale i oppbygging og drift av Hardanger Fiddle Institut i Tokyo. Dette instituttet har i 2022 70 studentar

I 2018 vart ho tildelt tittelen "Goodwill-ambassadør for Hardanger"

Rio Yamase sin mangeårige innsats for kulturutveksling mellom Hardanger og Japan har vore eit svært viktig bidrag for auka forståing, internasjonalt samarbeid og samkvem mellom landa og regionane.

Kinsarvik, 23. juni 2022

Med helsing

Eidfjord kommune

Kvam herad

Anders Vatile
ordfører

Torgeir Næss
ordfører

- Bookingselskap Book Hardanger
 - Orientering frå ordførararane i Eidfjord og Ulvik
- Hjelp til Ukraina
 - Ordførar i Eidfjord og dagleg leiar utarbeider ei skisse til samarbeidsmodell. Denne vert lagt fram i neste rådsmøte 8. september.
- Arendalsveka
 - Hardangerrådet startar planlegging for deltaking neste år.

Møteboka godkjent 23.06.2022

Roald Aga Haug
Rådsordførar